

# Møtereferat

**Til:** Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest

**Til stede:** Grete Müller, Annbjørg Hellestræ (vara), Karl Olaf Sundfør, Merete Hauge, Jostein Bildøy, Henrik Aasved, Sven Hove (vara), Charlotta Schaefer (sekretær).

**Forfall:** Linn Bæra, Kristoffer Skjolden, Gunnar Ekeland, Elisabet B. Salte.

**Møteleiar:** Grete Müller

**Møtedato:** 05.09.2018

**Klokkeslett:** 09.45-14.45

**Møtenr:** 5/17

**Møtestad:** Helse Vest RHF, Møterom Kjerag

**Arkivref:** -

Saksnr.	Emne	Ansvarleg
30/18	Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelt-saker.  Innkalling blei godkjent.	Nestleiar Grete Müller
31/18	Møtereferat frå førre møte 23.05.18 blei godkjent, ingen kommentarar.	Nestleiar
32/18	<p><b>Nasjonal helse- og sjukehusplan</b> Johanne Kalsheim presenterte bakgrunn og status for Helse Vest sitt arbeid inn i nasjonal helse- og sjukehusplan.</p> <p>Planarbeidet er inndelt i fire hovudkategoriar: Teknologi – kompetanse – heilskapleg behandling – psykisk helsevern. Helse Vest har ansvar for planarbeidet knytt til 'kompetanse'.</p> <p>RBU ga innspel på at kommunikasjon er et stikkord for å få samval til å fungere i praksis. Kommunikasjon er viktig for all helsepersonell og det er alt for mange eksemplar på dårleg kommunikasjon i dagens helsetenesta.</p> <p>Andre innspel er faren over at alt for mykje skjer digitalt. RBU meinte vi må hugsa på dei som ikkje brukar digitale løysingar.</p> <p>RBU roser at planen beskriv arbeidsglede.</p>	Johanne Kalsheim, Helse Vest RHF
33/18	<p><b>Orientering om deltaking i prosjekt/ arbeidsgrupper</b> Kort gjennomgang av brukarrepresentantanes verv i prosjekt/arbeidsgrupper.</p> <p>Jostein Bildøy har ikkje høyrte noko frå 'Vel heim'-prosjektet på lenge.</p> <p>Sven foreslår at SESAM presenterer sine aktivitetar på et RBU-møte i framtida. RBU vil invitere til et passende dato.</p>	Nestleiar

	<p>Korleis nå ut med prosjektet «medikamentfri behandling» i Helse Bergen. For få leger kjenner til tilbodet.</p> <p>‘Regionalt fagmiljø’ kan strykast frå oversikten då dei rekrutterer brukarrepresentant direkte frå pasientforeninga.</p>	
34/18	<p><b>Planlegging av fellesmøte med styret 2. oktober</b>  RBU drøfta å ha uønska variasjon som overordna tema. Andre tema som blir nemnt er skulte lidingar og RBU sine innspel til regional plan psykisk helse.  Henrik meldte at han kan si noko om sin deltaking i kreftkirurgiprojektet.</p> <p>RBU drøfta form for møtet. Saken behandlast vidare over e-post. Karl Olaf og Merete skal sjå om dei kan halde eit kort innlegg som legg opp til vidare diskusjon med styret.</p> <p>Agenda må bli ferdig til 18. september.</p>	Nestleiar
35/18	<p><b>Invitasjonar til brukarutvalet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fagnettverk habilitering – RBU vil spør Else Berit Ingvaldsen om ho vil ta vervet.</li> <li>• Programkomiteen til pasientryggleikkonferansen 2019 – RBU peikte ut Karl Olaf Sundfør.</li> <li>• Brukarutval Helse Vest IKT – RBU drøfta saken og var usikre på korleis finne brukarar med det Helse Vest IKT kallar ‘dobbelkompetanse’. RBU meinte at dei ikkje kan utgjøre oppmeningskomite for Helse Vest IKT. RBU foreslo å kalle det ‘brukarråd’ heller enn ‘brukarval’ innleiingsvis. Saken bør utsettast til at mandat og rekruttering er helt avklart. Linn skal sende brev frå RBU til Erik M. Hansen med ei anbefaling.</li> </ul>	Nestleiar
36/18	<p><b>Orientering /brev/ til/frå brukarutvalet</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Svar frå KS om brev om rehabilitering.</b> RBU tok svaret til etterretning og skal vurdere over om dei vil følgje saka vidare.</li> <li>• <b>Brev frå brukarutvalet i Helse Fonna.</b> RBU meinte brevet må gjørast meir konkret for at RBU skal stille seg bak saken. Grete utformer eit svar frå RBU. Ho informerte om at Pasientreiser HF utførar brukarerfaringsundersøkingar.</li> <li>• <b>Brev frå LPP Sogn og Fjordane.</b> RBU vil kontakte Lene Nilsen som var brukar inn i arbeidet med regional plan psykisk helse for å få informasjon om planarbeidet. RBU vil drøfta saken igjen på neste møte 2. oktober. Brukarar til prosjekt blir valt ut på bakgrunn av interesse, kompetanse og kapasitet. I</li> </ul>	Nestleiar

	<p>denne saken hadde ikkje nokon av dei faste representantane i RBU anledning til å delta.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Invitasjon til Pasientsikkerhetskoneransen 31. oktober – 1. november.</b> Kari meldte interesse for å delta.</li> </ul>	
37/18	<p><b>Regional plan psykisk helse</b> Carina presenterte utkast til plan. Planen (2018-2022) har fire hovudbodskap:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-tenestene må ha god tilgjenge med tidleg avklaring og tidleg hjelp.</li> <li>-tenestene må understøtte og legge til rette for medverknad, val og frivillighet.</li> <li>-tenestene må vere integrerte</li> <li>-nye måtar og nye arenaer for å møte pasientane på må vidareutviklast</li> </ul> <p>Det er framleis for mye tvang i psykisk helsevern, tross for fleire prosjekt for å redusere tvang. Helse Stavanger har hatt ei positiv utvikling i reduksjon av tvangsbruk. RBU bes om å gi innspel på planen innan 12. september.</p> <p>RBU spør om det er tatt hensyn til <i>eldre og psykiske helse</i>. Dei blir en alt større gruppe.</p>	Carina Mæland, rådgivar Helse Vest RHF
38/18	<p><b>Årsplan for regionalt brukarutval</b> Det blei drøfta korleis RBU sikrar at saker følges opp. Noko tilfeldig saksbehandling frå RBU. Frister bør vise tydelig i dokumentet. Synliggjøring i årshjulet når arbeidet må begynne og når som er frist.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Mars – presentasjon av Oppdragsdokumentet.</li> <li>• Program til fellessamling må planleggast i mai.</li> <li>• Tilbakemelding frå eksterne brukarar i prosjekt i juni.</li> <li>• Saker til interregionalt brukarutvalsmøte i juni.</li> <li>• September – behandling av tilleggsdokumentet til RBU.</li> </ul> <p>Sekretær lager ei årsplan som blir behandla i oktober-møte.</p>	Nestleiar
39/18	<p>«<b>RBU si time</b>»</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ <b>Responsetid ambulanse.</b> Henrik tok opp uro kring treg responsetid. Dette har vore skrevet om i Bergens tidene.</li> </ul> <p>RBU vil følgja med på utvikling og utfordra direktøren om svar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ <b>-Oppdragsdokumentet 2019</b></li> </ul> <p>Innspel frå RBU:</p>	Nestleiar

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pakkeforløp kreft 'inkluderingskravet' bør økes fra 70 til 75% (tendens til nedgang vår 2018, kravet bør derfor skjerpes).</li> <li>• Betre utskrivingsrutinar med klare avtaler for vidare oppfølging. Standardisert skjema for utskrivingsamtaler.</li> <li>• Redusert bruk av tvang.</li> <li>• Meir systematisk bruk av brukarrepresentantar, skal ikkje vare moglegheit for å peike ut den som passer.</li> <li>• Ingen av HFa oppfyller responstida til ambulansetenesta.</li> </ul> <p>Sjå notat frå fellesmøtet med vara frå april og følg opp punkter der.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ <b>-Møteplan 2019</b> Flytte mai-møtet frå 16. til 13. mai 2019. Sett inn møte i juni, forslagsvis 12. eller 14.</li> <li>○ <b>«Veileder brukermedvirkning i forskning»</b> Det opprettes nye brukarorganisasjoner, bland anna på sosiale medier, som kjemper om plassene. Det er verdt å merke seg.</li> </ul>	
<b>EVT</b>	<p><b>Eventuelt</b></p> <p>Høring – 'Juridisk oppfølging av forslag i prioriteringsmeldingen og presiseringer av regelverket om helsehjelp i utlandet'. Pasientorganisasjonane er høringsinstans. RBU vil ikkje sende svar.</p> <p>RBU uttrykker uro for Bergensklinikkene. RBU vil følgje med på saken og ta den opp ved neste møte.</p>	Nestleiar

Neste møte er 2. oktober på Sola Strandhotell.